



DEN NORSKE KYRKJA
Gol og Herad sokneråd

MØTEBOK FOR GOL OG HERAD KYRKJELEGE FELLESRÅD

Møte torsdag 10. November 2022, Gol kommunehus

Møtestart: 09.15

Møteslutt: 11.30

Til stades:

Medlemmer:

Gunn Astrid Frøysok, Ole Dag Møllerplass, Hilde Midtgård, Inger Lagmannsgård, Wenche Dahl-Michelsen Fløysand, Evi-Anita Torp, Heidi Granli

Ingrid Finsådal Bakke

møtte for Arnstein Bleiktvedt

Heidi Bråten

møtte for Jorunn Viljugrein Stake

Olveig Synnøve Engene møtte ikkje.

Andre:

Kjellfred Dekko, sekr.

SAKER:

FR-sak 28/22 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 8. september

VEDTAK:

Møteprotokollen vart godkjent.

Det vart presisert at møtet var halde 8. september, -ikkje 6. september.

FR-sak 29/22 Postliste og orienteringar

Det vart ikkje orientert om ny kyrkjeleg organisering.

Framlegg til vedtak:

Fellesrådet tek orienteringane til etterretning.

VEDTAK:

Fellesrådet tok orienteringane til etterretning.

FR-sak 30/22 Uravstemming for ny tariffavtale

Framlegg til vedtak:

Gol og Herad kyrkjelege fellesråd seier ja til ny tariffavtale.

Gol og Herad fellesråd i møte 10. November 2022:

Adresse:

Kyrjekontoret
Gol Kommunehus
Gamlevegen 4
3550 Gol

Telefon 32 02 90 00

E-post: kyrkja@gol.kommune.no

Bankgiro: 2324 07 12296

Org.nr: 976 989 988

VEDTAK:

Som tilrådinga, samrøystes

FR-sak 31/22 Nye vedtekter for gravplassane i Gol kommune**Framlegg til vedtak:**

- Gol og Herad kyrkjelege fellesråd drøftar vedtektene og gjer evt endringar.
- Førebels framlegg blir lagt fram for Statsforvaltaren før gravplassvedtektene blir lagt fram til offentleg høyring.
- Fellesrådet vedtek nye gravplassvedtekter etter at høringsfristen er ute.

Gol og Herad fellesråd i møte 10. November 2022:**VEDTAK:**

Gol og Herad kyrkjelege fellesråd vedtok gravplassvedtektene slik dei låg føre med fylgjande endringar og tillegg:

I samband med § 10 Namna minnelund og feste vedtok fellesrådet fylgjande eit tilpassa alternativ 2:

Graver i namna minnelund kan festast i maks 20 år etter utløp av fredingstida. Det vil ikkje vera høve til å gravlegge på nytt i same grav i fredingstida.

Vedtak om feste ved sida i namna minnelund:

Alternativ 2: I namna minnelund kan det ikkje festast grav ved sida.

I samband med § 11 «Minneplater» vart det stemt over setningen «I tillegg kan det vera eitt symbol på minneplata».

I møtet vart det sett fram forslag om å stryke denne setningen slik at ein ikkje skal å ha symbol knytt til minneplata.

To representantar (Ingrid Finsådal Bakke og Wenche Dahl-Michelsen Fløysand) stemte for at setningen vart ståande.

Vedtak: Setningen «I tillegg kan det vera eitt symbol på minneplata» blir stroke.

Sak 32/22 Løn til kyrkjevevje

Saka vart delt ut i møtet

Gol og Herad fellesråd i møte 10. November 2022:**Vedtak:**

Fellesrådet vedtek løn til kyrkjevevje storleik 634 000 med verknad frå 1. august 2022. 5 fridagar for ugunstig arbeidstid kveld og helg står fast.

Fellesrådet vedtek at kyrkjevevje kan forhandle løn kvart år med verknad frå 1. mai.